

Bok på 1-2-3

Skalla

Av Randi Fuglehaug

Illustrert av Nora Brech



Tverrfagleg opplegg for 1.–4. og 5.–7. trinn i faga norsk, kroppsøving (med vekt på leik og dramaaktivitetar) og samfunnsfag. Vekt på glede, vennskap, leik og fantasi som livsmeistring.

Tid: 90 minutt

Utstyr og førebuing

- Kople opp pc med tilgang til internett og prosjektør
- Gjere boka klar for skjermvising i klasserommet
- Kan avslutte økta ute med leiken *gøyme og leite*.

Formål 1.–4. trinn

Norsk

- Gje uttrykk for eigne tankar og opplevingar av litteratur, teater og TV.
- Samhandle med andre gjennom leik, dramatisering, samtale og diskusjon.

Kroppsøving

- Utforske, leike og uttrykkje seg med rørsler.

Samfunnsfag

- Illustrere forteljingar om menneske som lever under ulike vilkår.

Formål 5.–7. trinn

Norsk

- Lese tekstar i ulike sjangrar på begge målformer, reflektere over innhald i teksten.
- Ulike roller gjennom dramaaktivitetar.

Kroppsøving

- Utføre varierte aktivitetar og delta i leik som fremjar koordinasjon og anna kroppsleg utvikling.

Samfunnsfag

- Lese tekstar om menneske som lever under ulike vilkår, og drøfte kvifor dei tenkjer, handlar og opplever hendingar ulikt.


1 Før lesing (5 minutt)

Samtale om framsida på boka *Skalla*.

Kva ser vi på framsida av boka?

- Kven? Ei jente – ser sterkt og sjølvskjær ut med armane i kross og breie bein. Smiler. Ser ho litt trøytt ut? Har blomstrete kjole, sandalar og sokkar. Jenta har ikkje hår på hovudet. Ho er skalla.
- Kor? Ein sjukehuskorridor. Vi ser ei seng, eit medisinstativ, ei dør med eit romnummer. Ut av døropninga gror det fargerike blomar og grøne vekstar! Kva kan vere innanfor døra?
- Kva trur du er tema i boka?

Vi skapar forventing og får fram førkunnskapar. Elevane kan drøfte med ein læringspartnar.



2 Lesing og samtale (30 minutt)

Les heile boka *Skalla* for elevane med vising på skjerm.

Inviter til spørsmål, innspel og deling av røynsler.

- Kan ein ha det kjekt sjølv om ein er sjuk?
- Kva er leik? Kva gjer leik med oss?
- Kva er ein venn? Korleis kjennest det ut i kroppen når ein er saman med ein god venn eller møter ein ny venn?



3 Drama og leikprega aktivitet (55 minutt)

Som lærar er det føremålstenleg at du har lese, forstått og kan tilpassa oppgåvene på førehand, og kan gi døme. Vi har laga ein liten film der nokre av drama- og leikeaktivitetane vert viste.

Takk til Elise, Ida, Hanna, Vendel og Lovise.

Leik, glede og vennskap er målsettinga. Kos dykk!

Rørsle og namn: Gruppa står i sirkel. Kvar og ein seier namnet sitt og gjer ei unik rørsle. Gruppa svarar til dømes «Hei Isak» og gjer rørsla hans. Dette gjer vi til alle har fått presentert seg.

Rørsle: Rist/stram, store/små rørsler som vert utførte i ulikt tempo, frå langsamt til raskt og tilbake. Frå svakt til sterkt og tilbake. Ulike former i rommet – påverka av kraft utanfrå som dytta, dreg, virvlar oss rundt med meir.

Gå om kvarandre – utan kontakt / med kontakt, helseritual:
kjend, framand, grinete, sukkersøt, rampete. Gå vidare, stopp!
Dei to som står nærmast kvarandre dannar eit par: spegle kvarandre.

Gruppestatuar: Del opp i grupper. Éin i kvar gruppe startar med å vere ein del av statuen (frysbilete), dei andre på gruppa føyer seg til etter kvart. Vis for kvarandre. Gi statuen ein tittel, finn på ei setning/ein replikk som høver til statuen.

Delar av ulik musikk: Snakk om det de høyrer. Rørsle til musikk.

- https://www.youtube.com/watch?v=_yvrxmpDh4
- https://www.youtube.com/watch?v=SZQzW_QfPew
- https://www.youtube.com/watch?v=ZbZSe6N_BXs
- <https://www.youtube.com/watch?v=2vgMYhBrUSU>

Pantomime: Sitt i rader. Mime eller late som om du børstar håret, ein klovn trenar gummiansiktet sitt, et noko godt, noko surt, fingrane sit fast i sirup, du brukar mamma sine sminkesaker/pappa sine barbersaker.

Opne ei dør: Kvar for seg. Vis kor du hamnar (til dømes i jungelen / på eit sirkus / på eit sjukehus / på ei fotballbane / i ein godteributikk), gjer ei handling og gå ut igjen.

Puste: Gjennom nasen inn, på «ssssss» ut. «Heeeeeee» gjennom lang tunnel. «He!» kort og kommanderande. «M, mbe, baba, ratata» osb.

Bruk av stemma: Lag lydar: I ein dyrepark. To og to kjeftar på kvarandre på eit oppdikta språk.



3 Drama og leikprega aktivitet (framhald)

Små improvisasjonar over gjeve tema: Tre og tre saman. Tema:

- Kven har kompasset?
- Du lovde å ikkje seie det!
- Tja, her står vi midt i ørkenen utan bensin.
- Kor har du gøynt pengane?
- Eg veit i alle fall ikkje vegen heim
- Kva slags lyd var det?

Dikt i kor: «Ellinga, vellinga, vatlandsguten, slo til kjerringa midt på truten. Det skal du ha ditt stygge troll, fordi du ikkje kan telje til tolv. 1-2-3-4-5-6-7-8-9-10-11-12!» (Ei elling med kraftfulle konsonantar og humor. Vi veit sjølvsagt at vi ikkje skal slå)

Dans og rørsle til musikk: Danse og røre deg til musikk. Når musikken stoppar, skal du «fryse» som ein statue. Gjenta.

Ringleik: Sheriff (å fylgje ei beskjed, å akseptere glede og humor i leik / å feile / å tape / å vinne). Alle står i ein ring. Læraren vél ein sheriff som skal stå i midten. Den som står i midten, latar som han eller ho held ein pistol i hendene. Snurrar rundt og liksom skyt/peikar på ein av deltakarane i ringen (seier tydeleg «pang» når han/ho siktar og skyt). Den som blir skoten, bøyer seg ned. Då opnar det opp for ein skyteduell mellom dei på kvar side av vedkomande som vart skoten. Den som skyt først, vert ståande i ringen, og den som vert skoten, byter med han/ho som står i midten. La flest mogleg få prøve å stå i midten før leiken vert avslutta.



Gøyme og leite, ulike variantar:

- a Vanleg, på skulen sitt område
- b Utvida område (vi har ein flott natur til føremålet)
- c Hjelpeleitar (dei som vert fanga, skal leite, dei og)
- d Politileiting (den som leiter, skal fange dei andre)
- e Politileiting II (som C og D samstundes)

Kjelde:

Gjessing, Annelene Sett: Teaterarbeid med barn og unge. Akademika forlag. Trondheim 2013.

4 Tilleggsressursar (organisasjonar, TV-seriar)

De kan også sjå nærmere på desse kjeldene for å finne ut meir som passar til emnet. Temaet kan vere utfordrande å arbeide med. Som lærar bør du velje ut kva som høver i klassen din.

Barnekreftforeningen: <https://www.barnekreftforeningen.no/>

Sykehusklovnene: <https://www.sykehusklovnene.no/>

NRK Super og NRK TV

Klart eg kan: <https://tv.nrk.no/serie/klart-eg-kan/sesong/5/episode/4>

Rakel har vore veldig, veldig sjuk. Det siste året har rakel vore på sjukehus nesten heile tida, for å få vekk kreftklumpane frå kroppen. Snart skal Rakel på sjukehuset igjen, for å finne ut om ho har blitt frisk. Det håpar alle at ho er!

Bli med heim: <https://tv.nrk.no/serie/bli-med-heim/sesong/2/episode/4>

Norsk dokumentarserie. Andrea bur hos tante og onkel. Dei har blitt Andrea sin nye mamma og pappa. Det synest Andrea er bra, for då ho var seks år, døydde mamma av kreft. No kallar ho tante for mamma og onkel for pappa.

Supernytt-saker, barn med kreft:

<https://tv.nrksuper.no/serie/supernytt-saker/MSUBo2102818/sesong-1/episode-28>

Avdeling barn – Elizabeth har kreft:

<https://tv.nrksuper.no/serie/avd-barn/OBUBo7500105/sesong-1/episode-1>

Newton arkiv – sjukdom/kreft:

<https://tv.nrk.no/serie/newton-arkiv/2008/PRTY14003108>

Kule kidz gråter ikke (Norsk spelefilm 1:4):

<https://tv.nrk.no/serie/kule-kidz-graater-ikke/sesong/2/episode/1>

Anja er ei livleg og tøff jente som elskar fotball. Klassekameraten Jonas likar ikkje at jenter spelar fotball og særleg ikkje når dei er så flinke som Anja. Så vert Anja alvorleg sjuk. Ho nektar å la seg knekke og legg planar for fotballaget, trenar til skuleturneringa og deltek på leirskule.

Dukker på kreftavdelinga, Kasper og Uglia:

<https://tv.nrk.no/serie/norge-rundt/2019/DVNRo4001319/avspiller>

Til trøyst og for å forstå.